



Anne Kari Enes og Kjell Yri er sterke skeptikarar til Børsdalselva-prosjektet

SKL er usikre på om Børsdalselva Kraftverk vil få konsesjon. Torfinn Kolle innrømte det på direkte spørsmål frå turlagsleiar Anne Kari Enes under informasjonsmøtet på Valen som turlaget, Venstre, SV og Valestiftinga heldt i kveld. Kolle svara at det kan slå begge vegar. Enes ga uttrykk for at det no har vore nok kraftutbyggjing i Kvinnherad og Venstres Kjell Yri gjentok fylkesplanens understreking av at det aktuelle område er eit sårbart høgfjellsområde av stor verdi. Møtet omfatta og Valen-prosjektet ettersom dei to tildels tangerar kvarandre.



Torfinn Kolle: Måtte følge opp grunneigarane

Møtet var i likheit med møtet om småkraftverka i Olaløa for ei stund sidan prega av sterkt engasjement. Det galdt ikkje minst inngrep i samband med Valen-prosjektet som ein beteikna som 'ein forferdelse'. Følgene for fisket var her eitt viktig moment.

Om Børdselva sa Kolle at det har sin bakgrunn i engasjement frå grunneigarane og at det var naturleg av SKL å følga opp eit slikt initiativ.

Kolle viste til at det her vil bli satsa på taubanetransport og la ikkje skjul på dei biologiske utfordringane i form av to moseartar

og ein sårbar fugl (kongeørn). Tapet av eit inngrepsfritt område er og eit viktig moment.

Dammen ved Fagerlivatnet blir synleg, men rundt vatnet er det mykje naturstein som kan nyttast til plastring.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen